

Sparer over 100 000 kroner på endring i statsbudsjettet:

- Ei god nyheit for oss

I statsbudsjettet for det kommande året vil regjeringa gjere endringar som kan føre til betydelege innsparinger for næringsverksemder i Valdres.

TORA HILMEN
tora@avisa-valdres.no

BEITOSTØLEN: I statsbudsjettet for 2024 kom det fram at regjeringa indirekte vil senke formuesskatten på næringseiendommar i distrikta.

Dette er noko den lokale stortingspolitikaren Marit Knutsdatter Strand (Sp) har jobba for.

- Sp er opptakne av at skattennivået ikkje skal vera for høgt. Vi er glad for at vi får til ei justering her som reduserer skatten, og så må vi jobbe vidare så næringslivet og arbeidsplassar får gode mogleigheter, seier Knutsdatter Strand.

For høge verdimalingar

Bakgrunnen for punktet i statsbudsjettet er ein rapport frå NTNU bestilt av Finansdepartementet. Den viser at målinga av verdiane i næringseiendommar i distrikta har vore for høg i forhold til reell verdi, fordi verdimalingane er basert på prisnivået i meir sentrale område.

- Vi har fått flagle innspel på at måten vi måler verdien for å rekne formuesskatt bør ned, derfor set vi den ned, uttalar Knutsdatter Strand.

- Egedomsprisar og kostnadsnivå stig meir i byene enn i bygdene, og så har kostnadane blitt behandla meir likt i heile landet, utan å ta høgde for forskjellane, forklarer ho.



INNSPARING: Atle Hovi er svært nøgd med reduksjonen i formuesskatt dei får i Beitostølen Resort med neste års statsbudsjett.

FOTO: EVEN TØMTE DESSAU

- VII kome lokalsamfunna til gode

I statsbudsjettet står endringa formulert slik:

Regjeringen vil øke kalkulasjonsrenten som benyttes ved beregningen av markedsverdiene av næringseiendom for formuesskatteformål, med 1 prosentenhett for eiendommer som er lokalisert utenfor storbyene. Dette vil ikkje gjelde Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger.

- Dei som spesielt vil få glede av dette er folk som eig store hotell, som på Beitostølen. Dei

får ein redusert skattlegging for neste år, som vi tenkte vil kome lokalsamfunna til gode gjennom reinvesteringar, sa Sp-politikar Knutsdatter Strand.

Sparar store summar

Atle Hovi, direktør i Beitostølen Resort, og bror Bjørnar Hovi er av dei som eig eit faktisk hotell på Beitostølen. For dei vil punktet truleg føre til innsparinger med seks siffer.

- Vi er veldig glade - det er ein god nyheit for oss. Det går i riktig retning. Vi jobbar kvar dag for å få ned kostnadane, og her

er det redusert med 117 000, det er veldig bra, seier Hovi.

- All honnør

I Beitostølen Resort skal dei innsparde kronene brukast på reinvesteringar for energieffektivisering i bedrifta, seier Atle Hovi.

- Det gjer at bedrifta kjem inn i det grøne skiftet, det styrkar bedrifta og sikrar arbeidsplassar, legg direktøren til.

Han rosar Knutsdatter Strand for å jobbe for slike tiltak for næringslivet.

- All honnør og ros til henne

SÅ MYKJE SPARAR ATLE OG BJØRNAR

- Reknestykket for Beitostølen Resort ser slik ut, ifølge Atle Hovi:
 - Utan endringa måtte Atle og Bjørnar betala dryge 530 000 kroner i formuesskatt.
 - Med auka kalkulasjonsrente blir talet like over 413 000 kroner.
 - Dette bety ei innsparing på over 117 000 kroner, og ein reduksjon på 22 prosent.
 - (I reknestykket er det teke høgde for redusert verdsetningsrabatt frå 25 til 20 prosent, oppgjev Hovi)

SLIK PÅVERKAR VERDIMÅLINGANE SKATTEN

- Et tenkt hotell på Beitostølen har ein verdi på 1 million kroner på marknaden. Hadde det same hotellelet vore plassert i til dømes Oslo eller Bergen hadde det hatt ein høgare marknadsverdi, vi seler 1,1 millionar kroner.
- Formuesskatten for næringseiendom har vore basert på verdimalingane i sentrale områder, som Oslo og Bergen.
- Dermed vil eigarne av det tenkte hotellelet på Beitostølen betale formuesskatt basert på kva hotellelet var verdt om det sto i sentrale byar (1,1 millionar) i staden for den reelle verdien det har der det står (1 mill.).

for å ha jobba for dette her. Det er flott når stortingspolitikarane som er tett på lokalsamfunnet gjer arbeid som bidreg til betring. Dette er ei gøye, seier Hovi.